
Saksnr: 2024/55647-8
Saksbehandlar: Tor Andreas Titlestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		12.02.2025

Regionalparkane i Vestland. Fordeling av driftstilskot 2025

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering vedtek følgjande fordeling av kr 1.124.786,- i driftstilskot til regionalparkane:

Namn:	Tilråding
Fjordkysten regional - og geopark	281 196
Geopark Sunnhordland	281 196
Nordhordland UNESCO Biosfære	281 196
Nærøyfjorden Verdsarvpark	281 196
SUM	1 124 786

2. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering avviklar ordninga tilskot til regionalparkar i Vestland.
3. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering ber fylkesdirektøren å innarbeide ordninga sine føremål i andre fylkeskommunale tilskotsordningar, slik at dette vert gjeldande frå 2026.
4. Hovudutvalet ber direktøren føre opp dei fire parkane med eiga budsjettlinje, stad 440003 KFO - Ålmenne kulturvernføremål.

Samandrag

I 2021 vart det etablert tilskotsordning for regionalparkane i Vestland. Målsetjinga med ordninga er å gje parkorganisasjonane føreseielege økonomiske rammer. For 2025 er det sett av 1.124.786,- kroner til fordeling. Desse midlane er viktigare i 2025 enn før ettersom regionalparkane har falle ut av statsbudsjettet for 2025. Direktøren har lagt til grunn ei likefordeling mellom parkane. For å redusere tal på tilskotsordningar tilrår direktøren til at ordninga vert avvikla og erstatta av den ålmenne ordninga [Driftstilskot – kultur og folkehelse](#). Ei evt. styrking av drifta av regionalparkane kan vurderast i samband med komande budsjettprosessar.

Per Morten Ekerhovd
direktør
kultur og folkehelse (KFO)

David J. Sandved
seksjonsleiar
KFO – kulturarv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

- Fjordkysten regional - og Geopark. Søknad
- Geopark Sunnhordland. Søknad
- Nordhordland UNESCO Biosfære. Søknad
- Nærøyfjorden Verdsarvpark. Søknad
- Innretting og kriteria for driftstilskot, Brei verdiskaping på kulturmiljøfeltet

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet gjorde 26.11.2020 vedtak om etablering av tilskotsordninga «Regionalparkar, brei verdiskaping på kulturmiljøfeltet», [PS 235/2020](#). Innretting og retningslinjer vart vedteke i fylkesutvalet 26.03.2021, [PS 64/2021](#).

Ordninga gjeld for parkar med godkjenning som regionalpark, eller med UNESCO – godkjenning, anten som verdsarv, biosfære eller Geopark. Berre dei som har ansvar for drift av parkane kan stå som søkjarar. I sektorbudsjettet for 2025 har fylkeskommunen prioritert å gje generell prisauke med om lag 5 % til mottakarar av driftsstøtte. Ordninga er difor styrka tilsvarande og sett til kr. 1.124.786,- i 2025.

Budsjett 2025	1 124 786
Søknadsfrist	1. november 2024
Vedteken innretting	Fylkesutvalet, 26.03.2021, PS 64/2021
Tal søknader	4
Tal søknader som er tilrådde	4
Samla søknadssum	2 000 000
Tilrådd til fordeling	1 124 786

Om søknadene

Fjordkysten regional – og geopark

Fjordkysten regional – og geopark rolla som regionalpark med rolla som geopark. Parken har langsiktige og forpliktande samarbeid på tvers av ideelle og kommersielle interesser, som skal ivareta og vidareutvikle natur- og kulturverdiar på berekraftig vis. FN sine berekraftsmål ligg til grunn for all aktivitet. Samarbeid, formidling, lokal deltaking og læring er viktige strategiar. Drifta er desentralisert gjennom fokus på 4 episenter (besøkssenter som vert drifta i samarbeid med ein partnar). Desse formidlar parken som heilskap i tillegg til ulike tema i kvar kommune:

1. Hardbakke villsaulag, 2. Sunnfjord Geosenter, 3. Hyllestad, Kvernsteinsparken, 4. Jensbua Kystkultursenter.

Episenter i Sunnfjord kommune vert etter planen opna i løpet av 2025.

Frå søknaden:

«Driftstilskotet frå fylkeskommunen vitjar om ei forståing om at den breie verdiskapinga er avhengig av kontinuitet, langsiktig lokalt eigarskap og aktiv formidling av naturkvalitetar (geoarv, fysiske kulturminne, immateriell kulturarv, kulturlandskap) over tid. Korte tidsavgrensa prosjekt eignar seg til å løyse konkrete einskildoppgåver, men innkjøpt og/eller innleigd kompetanse forsvinn lett når prosjektperioden er avslutta. Vi treng kontinuitet for å halde på gode medarbeidarar, og eit solid driftsgrunnlag i botn for å setje i gong og drive små og store utviklingsprosjekt.»

Omsøkt: 500 000 kr

Tilråding: 281 196 kr

Vurdering:

Fylkesdirektøren rår til at ordninga sine avsette budsjettmidlar vert prioriterte til drift og foreslår likefordeling mellom søkjarane, tilsvarande tidlegare fordelingspraksis.

Nordhordland Unesco Biosfære

Fakta om Unesco biosfæreområde:

Eit biosfæreområde skal vere eit læringsområde for berekraftig utvikling, kor ein skal ta vare på det biologiske og kulturelle mangfaldet, og vidareutvikle samfunnet i ei berekraftig retning.

Statusen som biosfæreområde inneber ikkje vern av nye område, men at regionen har forplikta seg til å utvikle området i ei berekraftig retning.

I UNESCO sitt biosfæreprogram er det tre grunnpilarar som alle biosfæreområda verda over skal arbeide etter: Bevare: Ta vare på vårt biologiske og kulturelle mangfald. Utvikle: Vidareutvikle lokalsamfunnet i ei berekraftig retning, både økonomisk, miljømessig og sosialt. Støtte: Samarbeide og støtte forskning, overvaking, undervisning og formidling om berekraftig utvikling.»

Nordhordland vart utnemnd som eit biosfæreområde av UNESCO i 2019, som det fyrste biosfæreområde i Norge.

Frå vedlegg til søknaden:

«Vi kjem til å arbeide vidare for å styrke dei økonomiske rammene våre. Med dette sagt, så håpar vi at fylkeskommunen, gjennom tilskotsordninga «Regionalparkar. Brei verdiskaping på kulturfeltet» ser at vi som eit biosfæreområde bidreg til at fylket når måla de har satt for å nå visjonen om eit nyskapande og berekraftig Vestland. Vi har tru på at med 4 sterke UNESCO-initiativ i fylket vert det vilje til å auke ramma til ordninga slik den er foreslått; til 2 mill. kroner til drift og 1. mill. kroner til utvikling. Dette ville hatt stor betydning for biosfæreområdet sitt arbeid.»

Omsøkt: 500 000 kr

Tilråding: 281 196 kr

Vurdering:

Fylkesdirektøren tilrår at ordninga sine avsette budsjettmidlar vert prioritert til drift og foreslår likefordeling mellom søkjarane, tilsvarande tidlegare fordelingspraksis.

Geopark Sunnhordland

Geopark Sunnhordland har som overordna styringsdokument: *2021-2024 Styringsdokument Geopark Sunnhordland*. Geopark Sunnhordland er eit AS, 100% eigd av Samarbeidsrådet for Sunnhordland. På nettsida til parken, er det presentert 60 lokalitetar som kvar og ein byr på ei blanding av tilrettelagde og urørte opplevingar og som til saman utgjer det spanande reisemålet den nye Unesco-parken har vorte. Geopark Sunnhordland er organisert med Moster Amfi som hovudportal, med Sunnhordland Museum og Folgefonnssenteret som dei andre besøkssentera.

I vedlegg til søknaden, vert det understreka:

«Offentleg driftsstøtte er heilt avgjerande for å kunne skape det minimum av aktivitet, profil og formidling som skal til for å stette krava som ligg i UNESCO-statusen samt i forventningane til oss i regionen.»

Omsøkt: 500 000 kr

Tilråding: 281 196 kr

Vurdering:

Fylkesdirektøren tilrår at ordninga sine avsette budsjettmidlar vert prioritert til drift og foreslår likefordeling mellom søkjarane, tilsvarande tidlegare fordelingspraksis.

Nærøyfjorden Verdsarvpark

Nærøyfjorden Verdsarvpark inkluderer ei breitt samansett gruppe av samarbeidspartar/aktørar i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland som aktivt har valt ein verdiplattform som bidreg til ivaretaking, berekraftig bruk og utvikling av verdsarven. Ei stort tal samarbeidspartnarar har slutta seg til Verdsarvparken gjennom ein forpliktande partnerskapsavtale.

Arbeidsoppgåvene omfattar tiltak, aktivitetar og arrangement knytt til ivaretaking og bruk av kulturminne/bygningsmiljø, læring og vertskapsutvikling, formidling- og forvaltningsarbeid, tilrettelegging og skjøtseloppgåver, profileringarbeid, samt merkevare- og identitetsbygging.

Parken vert styrt gjennom årlege handlings- og tiltaksplanar. Handlingsplanane byggjer på Parkplanen sine overordna satsingar:

- skape næring og kultur.
- ta vare på naturarv og miljø.
- ta vare på kulturarv.

Omsøkt: 500 000 kr

Tilråding: 281 196 kr

Vurdering:

Fylkesdirektøren tilrår at ordninga sine avsette budsjettmidlar vert prioritert til drift og foreslår likefordeling mellom søkjarane, tilsvarande tidlegare fordelingspraksis.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3, fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde.

Medverknad

Regionalparkane sine driftsmodellar er basert på desentralisering av aktivitetar og på å skape møtearenaar og kommunikasjon som stimulerer grasrotdeltaking og sosial verdiskaping. Ved at alle regionalparkane i Vestland opererer under UNESCO-regelverk, er dei også plikta på strategisk, bindande planlegging og høgt kvalitetsnivå på aktivitetane.

Den samskappingspraksisen regionalparkane har vore med på å etablere, har også vore løfta inn i utviklinga av verdiskapingsmodellar i regi av Riksantikvaren.

Vurderingar og verknader

Alle dei fire regionalparkane i Vestland har bygd opp organisasjonar med faste driftskostnader som krev årleg grunnfinansiering. Trongen for føreseieleg grunnfinansiering av drifta, vert utfordra ved at det statlege tilskotet til regionalparkane har falle ut av statsbudsjettet 2025. Kostnadene ved drifta av regionalparkane sine organisasjonar er difor pressa.

Alle dei fire parkane har søkt om kr 500.000 til driftstilskot. Innafor avgrensa rammer i 2025, vurderer direktøren det slik at det ikkje er rett å differensiere mellom søknadene, men legge likefordeling til grunn, tilsvarande tidlegare fordelingspraksis.

For å redusere tal på tilskotsordningar tilrår direktøren til at regionalparkordninga vert avvikla og erstatta av den ålmenne ordninga [Driftstilskot – kultur og folkehelse](#). Direktøren tilrår at ei evt. styrking av drifta av regionalparkane vert vurdert samband med komande budsjettprosessar.

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Økonomi: Det er sett av midlar i vedteke budsjett for 2025.

Klima: Ordninga skal gjennom berekraftig verdiskaping på kulturmiljøfeltet bidra til berekraftsmåla til FN.

Folkehelse: Regionalparkane stimulerer til fysisk aktivitet og friluftsliv og framvekst av gode møteplassar for lokalbefolkninga.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Regionalparkane representerer interessante modellar for innovativ verdiskaping i tråd med FN sine berekraftsmål og Den Europeiske Landskapskonvensjonen.

Ordninga stettar fleire av utviklingsplanen sine mål og strategiar:

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg», strategi 1.2, 1.3.

Mål 2: «Klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga, strategi 2.1,

2.2. Mål 3: «Lokalsamfunna som ramme for gode kvardagsliv», strategi 3.1.

Mål 4: «Like moglegheiter til å delta i verdiskaping», strategi 4.1.

Konklusjon

Direktøren viser til vurderingane over og rår hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med innstilling.